

## Referat

**Utval:** Forhandlingsutvalet

**Møteleiar:** Stian Endresen

**Møtenummer:** 6

**Dato:** 27.09.23

**Tidspunkt:** 12:30-15:30

**Stad:** Teams

**Referent:** Oddvar Marøy

Namn	Tittel	Møtt
<i>Helse Møre og Romsdal</i>		
Kjetil Lundberg	HR-direktør, HMR HF	X
Jan Rino Austdal	Advokat, HMR	X
Eli Otterlei	Samhandlingssjef HMR	X
Trude G. Solenes	Kvalitetsrådgjevar Klinikkleiing og Stab SNR	X
<i>Regionråd kommune</i>		
Kjetil Leirbekk	Assisterande kommunedirektør, Averøy kommune (NIPR)	X
Cato Innerdal	Kommuneoverlege, Molde kommune (ROR)	X
Guri Hasund Reiten	Advokat, Ålesund kommune (SR)	Forf
Ragnhild Aarflot Kalland	Leiar forvaltningskontor, Volda kommune (SR)	X
<i>Leiar for praksiskonsulentordninga</i>		
Stian Endresen <i>Leiar av forhandlingsutvalet</i>	Leiar for praksiskonsulentordninga	X
<i>Brukarrepresentantar</i>		
Paula Næss Skaar	Brukarutvalet HMR HF	X
Eilin Reinaas	Brukarrepresentant kommune	Forf
<i>KS</i>		
Marianne Stokkereit Aasen	Kommunedirektør i Molde kommune	X
<i>Sekretariat</i>		
Oddvar Marøy	Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre, Stab helse og omsorg	X
Karethe Kristoffersen Aam	Rådgjever HMR Samhandlingsseksjonen	X

## Saksliste

Sak	Emne	Tid
36/23	<p><b>Velkommen v/ Stian Endresen.</b> Meldt forfall frå Eilin Reinås og Guri Reiten.</p> <p><b>Presentasjon Delavtale 3 Samarbeid om svangerskaps- fødsels- og barselomsorg</b> Leiar og nestleiar i FSU for svangerskap fødsels- og barselomsorg, Elin Hansen Ytterbø og Elisabeth Herje Sogge var invitert for å presentere forslag til revidert delavtale 3. Framlegg til avtale er utsendt. Det ligg føre fleire nasjonale retningsliner retta mot svangerskaps- fødsels- og barselomsorga som utvalet har innretta sin handlingsplan på og som vert spegla i delavtalen.</p> <p>Ved gjennomgangen vart m.a kommentert:</p> <p>3.2.1 Felles plikter og ansvar</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Spørsmål om andre avhengighetsskapande midlar, t.d tobakk og snus, om dette også burde vere fokusområde. FSU vurderer at dette ligg utanfor prioritert fokusområde.</li> <li>- FSU er m.a opptekne av å tilpasse tenestene gjennom digital oppfølging for pasientar som etterspør dette.</li> </ul> <p>3.2.2 Helseføretaket sine plikter og ansvar</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- c) spm om korleis evt. bemanningsnorm vert styrande for prioriteringar i HF. Ordlyden i framlegget kan vere uheldig. Framlegg om at omgrepet «Sørge for» finn anna formulering.</li> <li>- Generell drøfting om gjentakning av lovheimla plikter i avtalen, eller spisse dei oppgåvene som tydeleggjer tiltak eller metodikk.</li> </ul> <p>3.2.3 Kommunene sine plikter og ansvar</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- d) nytt punkt for oppfølging av lovkrav</li> </ul> <p>Frå drøftingane vart m.a drøfta :</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Fokus på fagleg samarbeid mellom helsenivåa.</li> <li>- Nasjonale retningsliner og satsingar blir nytta i forløpet.</li> <li>- Kvar står prioriteringane i framlegget her i høve regionale retningsliner for midtnorge. Avklara at dei regionale retningslinene er utdatert 2020, det er difor kun nasjonale retningsliner som vert nytta no.</li> <li>- Forløpskoordinator er plikt i helseføretaket men kun ei anbefaling for kommunane. Bør korrigerast i avtalen i opplistinga av partane sine sine plikter og ansvar.</li> <li>- Etterlysning av omtale om hjelpemidlar til gravide med ulike funksjonsnedsettingar. Ikkje særskilt omtale her, men vert vareteke på line med andre med slike behov.</li> <li>- Forhandlingsutvalet ynskjer vere forsiktig med å bruke formuleringar i avtalen som bind partane utover det som er plikta gjennom lov og forskrift.</li> <li>- Bør omgrepa «plikt og ansvar» som er nytta i avtalen byttast med andre omgrep ?</li> </ul>	12:30- 13:20

	<ul style="list-style-type: none"><li>- Rekrutteringsutfordringane kan avgrense muligheitene for begge partar til å oppfylle fleire ambisiøse oppgåver som er lista opp.</li><li>- Vert omsyna til geografiske forskjellar i fylket omtala slik at avtalen vert oppfatta som likeverdig for alle kommunene i fylket ?</li></ul> <p>Forhandlingsutvalet takkar FSU for godt arbeid med revisjonsframlegget til ny delavtale.</p>	
37/23	<b>Godkjenning av innkallinga og referat frå:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• møte i forhandlingsutvalet 24.08.23-25.08.23 Behov for rettingar og presisering fleire stader i referatet. Nokre drøftingsteama frå samlinga er m.a ikkje omtala. HMR har konkretisert endringsinnspel. Forhandlingsutvalet ber om at rettingar vert utført slik at referatet kan behandlast på møte i starten av november.</li><li>• møte i forhandlingsutvalet 13.09.23 Referatet er no lagt ut for gjennomlesing på teamsområdet. Godkjenning i novembermøte. Referatet sendast på mail til repr. som ikkje har teamstilgang.</li></ul> <p>Referat finn de her: <a href="#">Referat og innkallingar</a></p>	13:20 13:30
	<b>PAUSE</b>	13:30- 13:45
38/23	<b>Arbeide vidare med utkast til delavtale 3 med mål om å ferdigstille.</b> <p>Gjennomgang av framlegg til delavtale på grunnlag av presentasjon frå FSU og felles drøfting i etterkant. Forhandlingsutvalet si tilnærming ved vurdering av delavtalen var prega av konsensus og semje om at innhald og formuleringar, m.a :</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Korte, presise og realistiske formuleringar.</li><li>- Omtale/liste opp prioriterte målgrupper som partane skal samarbeide om tiltak for.</li><li>- Førebyggingsarbeid til risikogravide, og at spesifisering av dette ikkje vert omtala i innleiinga, men i omtale av partane sine oppgåver.</li><li>- Skille på kva som er omtala som formål og oppgåver i delavtalen, og ha rydde med ei tydelegare plassering av dette i underpunktta i delavtalen.</li><li>- Endre overskrifter i avsnitt til «Ansvar og samarbeid». Omgrepet plikt vert å ta bort, m.t.p at partane sine plikter er det som er gjeldande i lov og forskrift. Avtalen vert då meir operasjonell og oppgaveretta for samarbeidsområda for partane.</li></ul>	13:45- 15:15

	<p>Ved gjennomgang av forslag til delavtale vart tekst i alle enkeltpunkt gjennomgått med ei kritisk vurdering av meiningsinnhald. Fleire punkt vart flytta på, sletta eller slått saman.</p> <p>Konsensus om forhandlingsutvalet sitt framlegg finn du her.</p>	
39/23	Ferdigstille hovudavtalen – utsett	15:15
40/23	Ferdigstille delavtale 2 – utsett	15:15
41/23	<p><b>Eventuelt</b></p> <p><b>Eigen delavtale for Barn og unge</b></p> <p>Partane er bedt om å undersøke i eigne organisasjonar om behov eller ynskje om eigen delavtale for barn og unge. Barn og unge skal omtalast som del av samarbeidsavtalen, men ingen krav til eigen delavtale utover det som kjem fram i hovudavtalen og retingsliner som er laga. FSU Barn og unge har ikkje sett fram konkrete krav eller behov for eigen delavtale, men er open for at dette om ynskjeleg kan lagast.</p> <p>Ingen av partane har bedt om at ny delavtale vert utarbeidd.</p> <p><b>Vedtak: Forhandlingsutvalet vel å ikkje utarbeide av eigen avtale for barn og unge. Barn og unges interesser blir ivaretatt av hovudavtalen og dei andre delavtalane.</b></p>	15:15-15:30
	<p><b>Eventuelt - Gjennomgang av meldingsflyt</b></p> <p>Kommunane og helseføretaket er ikkje samde om meldingsflyten og innhald i e-meldingane.</p> <p>Det er semje om å invitere regionalt fagråd for digital samhandling til neste møte for å presentere sitt arbeid.</p>	
	<p><b>Eventuelt – tilbakemelding til FSU frå forhandlingsutvalet etter møtet.</b></p> <p>Spørsmål frå FSU som har presentert framlegg i dag kan få tilsendt forhandlingsutvalet sine prioriteringar i etterkant av møte.</p> <p>Semje om at forhandlingsutvalet sitt framlegg til delavtale først vert delt når heile samarbeidsavtalen skal ut på høyring.</p>	